

<b>Møteleiar:</b>	Eli		
<b>Skrivar:</b>	Unn	<b>Tid:kl1430</b>	16.9.21
<b>Møtenr.:</b>	6-2021		
<b>Deltakarar:</b> Eli Roseth Eik Berit Bergsvåg Kari Tysnes Kjos Odd Egil Solberg Unn Sara Spissøy	<b>Andre:</b>	<b>Fråverande:</b> Gerd Skålevik Mikal Saltvik	<b>Fordeling:</b>
<b>Neste møte:</b> <b>Etter julemøte</b>			

Saksnr.	Sak	Ansvarleg	Dato
<b>1)Referat frå styremøte 9.6.2021</b>	Gjennomgått av Unn og godkjent av styret	Alle	
<b>2) Motteken post, blad mm</b>	Avdelingsblad på webmail. 2 personer er slutta i Posten og kontakta med spørsmål om medlemskap, men sa ikkje ja. Invitasjon til valmøtet i Knarvik var ikkje aktuelt for oss. Jubileumskriv frå Postpensjonistane i Trøndelag sør. Tilskot for 2021 kr 110,00 pr. betalande medlem = 10450,00. Faktura frå Bralunsj og Tide buss etter turen til Halsnøy. Invitasjon til samling for Landstyret og avdelingsleiarar 5.-6. oktober på Thon Hotel Oslo Airport.	Eli	
<b>3) Sendt post</b>	Sunnhordlendingen med invitasjon til tur.	Eli	
<b>4) Oppsummering etter tur til Halsnøy</b>	Framifrå bra opplegg. Deltakarane fekk ein fin dag på Halsnøy med synfaring på ymse stader. Godt kulturelt innhald av flinke innleigde aktørar, og fantastisk innsats av lokale postpensjonistar på Halsnøy. Trivelig matøkt med god mat. Forslag til tur neste vår, er førebels Åkra.	Eli	
<b>5) Jubileums-markering i haust. Ekstra eller saman med julemøtet?</b>	Beslutninga vart <b>ein</b> samling på hotel, med servering og underhaldning. Framkomstmiddel: Innleigd buss med avreise kl 1200. Forslag til plass: Fitjar Fjordhotel. Tidspunkt: På dagtid, kl 1300, aktuelle datoer er 17.11.og <b>24.11.</b> som førstevalg. Servering: Julemeny eller 3-retters middag. Forslag til underholdning: Foredrag av Karvel Stømme.	Eli       Odd Egil	Etter kvart
<b>6) Blomehelsingar til jul</b>	Dei som ikkje får del i jubileumsfeiring/julemøte, skal få ei julehelsing i posten. Den skal innhalde Hjertesjokolade + handskrevet julekort.	Eli  Unn, Kari	

<p><b>7)</b>  <b>Protokollar frå AU og Landstyremøte:</b>  <b>Ingen frå Landstyret, nr 5 og 6 frå AU</b></p>	<p>Frå AU:  Merksemd på leiarane sine jubileer som vil bli markert med blomhelsing.  30 årsjubileum for lokallaget vårt vert markert med lokale krefter.  Samling i haust truleg pga digitalt Landsmøte.  No er status under 6000 medlemmar på landsbasis. Dette får konsekvens for tilskotet sentralt.  Det vil bli avholdt 10 styrekurs i 21/22, med innhald som Handlingsplan og verving.  Invitasjon til samlinga er sendt ut.  Ynskje om lokale posthistorier til Pensjonisten.  Ajourskrevne lokale vedtekter blir lagt under Dokumenter på Heimesida vår.  Dei som vil lese heile referatet frå AU, finn det på <a href="http://postpensjonistene.no">postpensjonistene.no</a></p>	<p>Unn</p>	
<p><b>8)</b>  <b>Møtedagar i Hageruphuset</b></p>	<p>Møtedagar i haust er 30.9., 28.10. og 25.11.  Usikkert kva rom/etasje som eignar seg best for oss.  Det er og eit spørsmål om kor mange som brukar tilbodet i Hageruphuset. Dette blir sjekka ut.</p>	<p>Eli</p>	
<p><b>9)</b>  <b>Neste møtedato</b></p>	<p>Blir fastsett etter julemøtet</p>	<p>Eli</p>	
<p><b>Ymse</b></p>	<p>Mimreinnlegg til Sunnhordlendingen blir tatt imot med glede.</p>	<p>Alle</p>	